



Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2011/2885

Dato for inspeksjonen: 13.04.2011

Informasjon om kontrollert verksemd

Namn: Tine Meieriet Lom og Skjåk	Org.nr. for verksemda: 974 091 410 (Tine SA avd Lom og Skjåk)
Adresse: 2686 Lom	Tlf.nr./e-post for verksemda: Jens.hagen@tine.no
Kommune/kommunenr.: Skjåk 0513	Bransjenr. (NACE-kode): 105.10 Produksjon av meierivarer
Anleggsaktivitet*: Produksjon av næringsmiddel	Anleggsnummer*: 0513.0002.01

* refererer til felles database hjå forureiningsmyndighetene

Til stades under inspeksjonen

Frå verksemda (kontaktperson): Jens Erik Hagen, Karin Tøfte og Ole Vegard Wang	Frå Fylkesmannen: Elin Hilde og Tore Pedersen
--	---

Innhald i rapporten

Rapporten beskriv avvik og merknader som vart påviste ved inspeksjonen.

Følgjande hovudtema vart kontrollerte:

- Utslepp til vatn
- Avfallshandtering
- Miljørisikovurdering

Status for rapporten

Denne rapporten har status som førebels. Dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil i rapporten innan 2 veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Resultat frå inspeksjonen

- Ingen avvik
- Kontrollen avdekte 2 avvik frå regelverket
- Det er gjeve 4 merknader

Oppfølging etter kontrollen

- Inga tilbakemelding
- Verksemda pliktar å rette avvik. Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at avvik er retta, og som gjer greie for gjennomførte tiltak. Vi ber også om tilbakemelding når det gjeld merknadene som er gjevne.

Frist for skriftleg tilbakemelding: Innan 3 veker etter at rapporten er motteken.

Pålegg om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan tre dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Informasjon om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke ei tilbakemelding innan fastsett frist, og som stadfester at avvik er retta, vil Fylkesmannen kunne varsle og vedta tvangsmulkt, jf. produktkontrollova § 13 / forureiningslova § 73.

Orientering om kontrollgebyr

Verksemnda skal betale gebyr for kontrollen, jf. krav i *forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 39-3 og § 39-6.

Ved kontroll i verksemder med løyve skal det betalast gebyr etter faste satsar etter kva risikoklasse verksemnda er plassert i. Risikoklasse er normalt fastsett i løyvet. Dersom ei verksemd i utsleppsløyve gjeve før 1. januar 2007 er plassert i ein bestemt kontrollklasse, skal denne plasseringa gjelde som risikoklasse. Verksemder som ikkje er plassert i risikoklasse, betaler gebyr som risikoklasse 4.

Risikoklasse 1	kr	19 700
Risikoklasse 2	kr	14 800
Risikoklasse 3	kr	11 400
Risikoklasse 4	kr	4 400

Når det gjeld dette anlegget er det ikkje fatta vedtak om kontrollklasse. Det betyr at det skal betalast eit gebyr på kr 4 400,- for kontrollen. Faktura blir sendt verksemnda frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

Dokumentunderlag

- *Lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Lov av 19. juni 1970 om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift av 6. desember 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve til Lom og Skjåk ysteri, gjeve av SFT 17.12.74 med heimel i forureiningslova § 11

Informasjon om regelverket finst på www.klif.no og www.regelhielp.no.

Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg, jf. offentleglova.

Kopi av endeleg rapport blir også sendt Lom kommune og Skjåk kommune.

Definisjonar

Avvik:

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene, eller krav og vilkår fastsett i løyve og dispensasjonar.

Merknad:

Tilhøve som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Bakgrunn

Ysteriet i Lom og Skjåk har utsleppsløyve frå SFT av 17.12.74. Avløpsvatnet frå bedrifta går til eige reinseanlegg med utslepp til elva Otta. Det er i utsleppsløyvet sett krav til reinsing av organisk stoff på 90 %. Dette kravet er halde. SFT har i 1980 sett krav om kjemisk felling for å redusere fosforutsleppet, men det er ikkje gjort bindande vedtak om krav til reinseeffekt og konsentrasjon i utløpsvatnet.

Reinseanlegget vart oppgradert i 1995. Borkfilter er også etablert for å minske lukta ved reinseanlegget. Leverandøren har årleg tilsyn med dette anlegget.

Det er driftsoperatør i Skjåk kommune som driv reinseanlegget ved ysteriet. Avtalen om dette mellom Tine Merieriet og Skjåk kommune er datert 30.11.2010. Driftsoperatøren for reinseanlegget var ikkje til stades ved kontrollen, men er intervjuet pr telefon.

Avvik

Følgjande avvik vart påviste ved inspeksjonen:

Avvikstype 1: Manglar ved mål og ansvarsforhold, rutinar for å førebyggje forureining

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 første leden nr 4 og nr 7.

Grunnlag for avviket:

1a Verksemda har ikkje fastsett mål for ytre miljø.

1b Verksemda har uklare ansvarsforhold for oppfølging av forhold knytte til ytre miljø.

1c Det låg ikkje føre oppdatert driftsinstruks og rutinar for drift av reinseanlegget.

Kommentarar:

1a) Det kom fram ved tilsynet at det ikkje var utarbeidd konkrete mål for ytre miljø ved anlegget. Rett nok var det hjå Tine sentralt sett mål for ytre miljø. Konkrete mål for ytre miljø skal verke til at miljøpåverknaden blir minst mogleg. Det kan vere mål som gjeld utslepp til vatn og mål som gjeld handtering av avfall. Lukt og støy er også forhold som gjeld ytre miljø.

Etter internkontrollforskrifta skal mål og oppfølging av mål vere skriftleg dokumentert.

1c) Elles var det ved tilsynet ikkje oppdatert driftsinstruks for reinseanlegget. Driftsoperatøren opplyser pr tlf etter tilsynet at det er dokumentasjon frå ombygging av anlegget. Men det var ikkje rutinar som beskriv kva som skal gjerast i anlegget dagleg, kvar veke osv. Slike rutinar er viktige for å sikre at anlegget blir drive best mogleg slik at det blir minst mogleg forureining av vassdrag.

§ 5 i internkontrollforskrifta lyder slik:

§ 5. Innholdet i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet. Krav til dokumentasjon

Internkontrollen skal tilpassast virksomhetens art, aktiviteter, risikoforhold og størrelse i det omfang som er nødvendig for å etterleve krav i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Internkontroll innebærer at virksomheten skal:	Dokumentasjon
1. sørge for at de lover og forskrifter i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen som gjelder for virksomheten er tilgjengelig, og ha oversikt over de krav som er av særlig viktighet for virksomheten	-
2. sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskaper og ferdigheter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, herunder informasjon om endringer	-
3. sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes	-
4. fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet	må dokumenteres skriftlig
5. ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt	må dokumenteres skriftlig
6. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene	må dokumenteres skriftlig
7. iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen	må dokumenteres skriftlig
8. foreta systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt	må dokumenteres skriftlig

Avvikstype 2: Utsleppskontrollen er ikke tilfredsstillende

Avvik frå:

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 2, 5 og 7

Grunnlag for avviket:

- 2a Verksemda har ulovleg utslepp til vatn.
- 2b Verksemda har ikkje utført målingar eller berekningar av utslepp til vatn.
- 2c Verksemda kan ikkje dokumentere at vassreinseinretning er rett dimensjonert i forhold til produksjonsmengde.
- 2d Utsleppsmålingane er ikkje representative for produksjons- og driftsforhold ved verksemda.
- 2e Utsleppsmengdene til vatn har overskride grensene i løyvet.
- 2f Utsleppsmålingar til vatn er ikkje gjennomførte for komponentar som har utsleppsgrenser i løyvet.
- 2g Vesentlege overløp manglar utstyr som anten registrerer vassmengde eller tidsvarigheit for overløp av ureinsa vatn.
- 2h Ureinsa overløp eller andre unormalt høge utslepp er ikkje teke med i utsleppstala.
- 2i Prøvetaking og analysar av utslepp til vatn blir ikkje utført etter godkjend standard. Verksemda kan ikkje dokumentere at metoden som er brukt gjev like pålitelege resultat som godkjend standard.

Avvikstype 3: Drift av reinseinretningar og -anlegg er ikke tilfredsstillende

Avvik frå:

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 2, 5 og 7
- Viss aktuelt: Løyve etter forureiningslova § 11 jf. § 16

Grunnlag for avviket:

- 3a Opplæring av driftsoperatørar er ikkje gjennomført eller systematisert.
- 3b Dei styrande driftsparametra i reinseprosessane er ikkje skriftleg dokumenterte.
- 3c Overvåkings- og alarmsystem er utilstrekkelege til å sikre kontinuerleg god drift.
- 3d Verksemda har ikkje system for inspeksjon og vedlikehald av reinseinretningar.
- 3e Kalibrering/kontroll av viktig utstyr er ikkje dokumentert (pH-elektrodar, vassmengdemålar, utstyr for dosering av fellingskemikal, syre/lut og polymer).
- 3f Verksemda har mangelfulle rutinar for å rette opp og førebyggje utilsikta utslepp til vatn på bakgrunn av målingar eller annan kjennskap til utsleppet.

Avvikstype 4: Avfallshandteringa er ikke tilfredsstillende

Avvik frå:

- Forureiningslova §§ 7, 29 og 32
- Avfallsforskrifta §§ 11-4 siste leden, 11-5, 11-8 og 11-12 (farleg avfall)
- Avfallsforskrifta § 9-4 (deponering)
- Viss aktuelt: Løyve etter forureiningslova § 11 jf 16

Grunnlag for avviket:

- 4a Verksemda har ikkje oversikt over det farlege avfallet dei har.
- 4b Farleg avfall blir ikkje levert til godkjent mottak.
- 4c Verksemda gjev ikkje tilstrekkelege opplysningar ved deklarerings av farleg avfall.
- 4d Farleg avfall er ikkje forsvarleg merkt og lagra og levert innan fristen på eitt år.
- 4e Verksemda sender biologisk nedbrytbart avfall til mottak som ikkje er godkjent for det.
- 4f Våtorganisk avfall blir ikkje mellomlagra tilfredsstillande.
- 4g Verksemda deponerer biologisk nedbrytbart avfall på eige område utan løyve.
- 4h Verksemda brenn avfall på eige område utan løyve.

**Avvikstype 5: Miljørisikovurderinga er ikkje tilfredsstillande****Avvik frå:**

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 6, 7, 8 og 3
- Produktkontrolllova § 3a

Grunnlag for avviket:

- 5a Verksemda har ikkje gjennomført miljørisikovurdering for utslepp til vatn.
- 5b Verksemda har ikkje gjennomført miljørisikovurdering for utslepp til kommunalt nett.
- 5c Gjennomført miljørisikovurdering er ikkje dokumentert.

 5d Miljørisikovurderinga omfattar ikkje alle tilstandar eller uønskte hendingar som er relevante for ytre miljø.

Når det gjeld ytre miljø er det vurdert at driftsstopp på reinseanlegg kan vere farleg. Dette er eit viktig forhold, men også anna som gjeld ytre miljø bør risikovurderast. For eksempel er ikkje dette omtala i risikovurderinga: luktutslepp, farleg avfall, kjemikallagring, tankanlegg (olje). Sjølv om ein vurderer risikoen som liten, bør det vere vurdert og dokumentert.

 5e Verksemda har ikkje laga akseptkriterium som klargjer kva som er akseptabel risiko og kva som krev risikoreduserande tiltak.

I nokre tilfelle er det ikkje føreslått tiltak sjølv om konsekvensen er vurdert som "farleg". Eksempel: risikoskjema 15.12.2009 nr 200904-L om arbeid i reinseanlegg "Arbeider alene". Det går ikkje fram av dokumenta kva som er kriteria for å akseptere risikoen, kva skal til for at ein skal gjennomføre tiltak.

 5f Verksemda kan ikkje dokumentere at ho har følgd opp miljørisikovurderinga med planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Det er fylt ut eit skjema for risiko for ytre miljø, skjema nr 200903-L. Det er føreslått på skjemaet å skaffe alarmovervaking til vakttelefon ved driftsstopp i reinseanlegget. Dette skal også vere nemnt i rapport frå Driftsassistansen for Oppland. Men tiltaket er ikkje gjennomført.

Etter tilsynet har vi fått tilsendt "Handlingsplan Person/Miljø/Materiell 2010" for ysteriet. Men dette er ingen konkret tiltaksplan som følgje av risikovurdering.

Risikovurdering må følgjast opp med tiltaksplan med fristar for gjennomføring og ansvarleg for gjennomføring slik at ein sikrar oppfølging. Jf kravet i § 5 pkt 6 i internkontrollforskrifta.

5g Verksemda har ikkje oppdatert miljørisikovurderinga etter at risikoforholda er endra.

5h Verksemda har ikkje vurdert substitusjon av prioriterte stoff eller stoff med liknande eigenskapar der mindre farlege stoff er kjende/utprøvde.

Det kom fram ved kontrollen at risikovurdering vart gjennomført sentralt hjå Tine. Men bruk av kjemikal i reinseanlegget (fellingkjemikal, polymer) var ikkje med i dette systemet. Dermed synest ikkje substitusjon å vere vurdert for desse produkta. Oversikten over kjemikal i bruk hjå ysteriet viste heller ikkje det som vart brukt i reinseanlegget.

5i Rutinar for miljørisikovurdering er mangelfulle eller ikkje dokumenterte.

Det ligg føre rutinar frå Tine sentralt. Men det kunne ikkje leggjast fram ein rutine ved tilsynet som viser korleis risikovurderinga skal gjennomførast. Det bør til dømes klargjerast nærare korleis det skal gjerast ved bedrifta, kven som er med, kva område, kor ofte det skal gjerast. Oppfølginga med handlingsplan/tiltaksplan med fristar og ansvarlege bør klargjerast.

Etter tilsynet har vi fått tilsendt "Handlingsplan Person/Miljø/Materiell 2010" for ysteriet. Men dette er ingen konkret tiltaksplan som følgje av risikovurdering.

Den risikovurderinga som vart lagt fram ved tilsynet, var frå desember 2009. Risikovurdering bør gjerast minst ein gong pr år, og elles når forholda endrar seg.

5j Verksemda har uklare ansvarsforhold for gjennomføring av intern/ekstern rapportering av resultatata frå utsleppskontrollen til vatn. Overskriding av utsleppsgrensene i løyvet blir ikkje rapportert til myndighetene.

5k Verksemda har mangelfulle rutinar for avviksbehandling.

Merknader

Fylkesmannen har følgjande merknader til forhold som vart kontrollerte:

Merknad 1: Vassanalyse for BOF blir utført hjå Eurofins som ei berekning basert på KOF-analysen.

Kommentarar:

Ifølgje krav til vassanalysar for avløpsvatn skal ein kunne dokumentere at brukt metode er god nok, viss ikkje det er brukt ein godkjend standard ved analysen. Dette går fram av krav til avløpsanlegg i forureiningsforskrifta § 13-14. Eurofins opplyser til Fylkesmannen at omrekninga her er bestemt av Tine. Det er uklart om den brukte metoden er like god som godkjende standardar.

Merknad 2: Det er ikkje god nok samordning av internkontrollen ved reinseanlegget og internkontrollen hjå ysteriet.

Kommentarar:

§ 6 i internkontrollforskrifta har krav til samordning av internkontrollen når det er behov for det. Ysteriet har ein avtale med Skjåk kommune om drift av reinseanlegget datert 30.11.2010. HMS er omtalt i pkt 06 i avtalen, opplæring av driftsoperatørane ved reinseanlegget og avvikshandtering er nemnt.

- Ved kontrollen var hadde ikkje Tine meieriet oversikt over kjemikal som vart brukte i reinseanlegget.
- Det var uklart ved kontrollen om sikkerhetsdatablada for desse produkta fanst hjå verksemda, dei var ikkje synlege i reinseanlegget. Men etter kontrollen er det oversendt datablad til Fylkesmannen. (I ysteriet fanst datablada ved arbeidsstasjonane.)
- I tillegg hadde ikkje driftsoperatøren medverka ved gjennomføring av risikovurdering i 2009.
- Driftsoperatøren hadde ikkje fått løpande oversikt over vassanalysane frå Eurofins; innløp og utløp reinseanlegg.
- Det kunne ikkje leggjast fram utfylte avviksskjema som gjeld ytre miljø, det kan tyde på at systemet er lite brukt. Det bør vere ein skriftleg rutine for avvikshandtering, som klargjer kva som skal registrerast.

Merknad 3: Overvakings- og alarmsystem er ikkje gode nok for å sikre kontinuerleg god drift av reinseanlegget.

Kommentarar:

Ved driftsstopp i reinseanlegget er det ikkje alarmsystem til vakttelefon. Det betyr at ureinsa vatn kan gå ut i elva. Driftsoperatør er innom reinseanlegget dagleg utanom helg. I risikovurderinga frå 2009 er det føreslått alarmovervaking, men dette er ikkje med i tiltaksplan eller gjennomført.

Merknad 4: Verksemda har for dårleg oversikt over utslepp til vatn.

Kommentarar:

Ysteriet mottek analyseresultat frå analyselaboratoriet, og legg inn data i eit rapporteringsskjema som er laga sentralt i Tine "Årssammendrag avløpskontrollen for Lom & Skjåk". Skjemaet gjev ikkje oversikt over konsentrasjonar, reinseeffektar og årlege utslepp, og vassforbruket gjeld forbruk i meieriet, slik at den tilknytte styrarbustaden (utleige) er ikkje med. Fosfor og biokjemisk oksygenforbruk er heller ikkje med på innløpstala. Utløpsdata i årssamandraget ligg under rubrikken "Meieri uten rensseanlegg" sjølv om bedrifta har eige reinseanlegg.

Elles var det uklart ved kontrollen uklart kva rolle Driftsassistansen i Oppland hadde når det gjeld oppfølging av reinseanlegget. Det var lenge sidan det hadde vore driftsbesøk frå DiO.

Verksemda sender årleg eigenrapport/årsrapport gjennom Altinn elektronisk til Fylkesmannen. Her skal det gå fram kva utslepp bedrifta har hatt til luft og vatn i føregåande år, og det skal rapporterast om avfall inkludert farleg avfall, og om avvik som har vore. Rapporten er ikkje fullgod, men det vil vi ta opp i samband med oppfølging av eigenrapporten.

Det er viktig at ein har oversikt over utsleppssituasjonen, også for å kunne vurdere forbetringar og konkretisering av mål når det gjeld ytre miljø, jf krava i internkontrollforskrifta.